



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Stryn kulturhus - Tingsalen
Dato: 24.02.2026
Tid: Kl. 12:00 - 13:30

Følgjande medlem møtte	Parti
Haldor Andre Lungård Hove	Ap
Ellen Hilde Hauge	H
Sonja Merethe Øvre-Flo	H
Per Atle Kjøllesdal	Sp
Rune Egil Myklebust	Sp
Silje Åsnes Skarstein	Sp
Janne Elin Alsaker	V

Underskrifter:

Per Atle Kjøllesdal
ordfører

Jon Nesje
kommunedirektør

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
003/26	Referatsaker
004/26	Avvikling av vikarpool i pleie- og omsorgstenestene
005/26	Fastsetjing av maksimalt vederlag for opphald i institusjon 2026
006/26	Kommunedelplan helse- og sosial 2026 - 2030, framlegg til høyring
007/26	Godkjenning delavtaler mellom Helse Førde og Stryn kommune
008/26	Kommunedelplan for naturmangfald - vedtak om fastsetjing av planprogram
009/26	Klage på vedtak - oppheving av vedtak om dispensasjon frå omsynssone i plan for frådelling av hyttetomt frå gbnr. 60/1 på Bøasetra
010/26	Rapport over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 31. desember 2025
011/26	Årshjul - politisk handsaming av budsjett og rekneskap i 2026
012/26	Klage på vedtak - avslag på søknad om dispensasjon frå plan for oppføring av to utleiehytter - gbnr. 82/1 på Rake
013/26	Klage på vedtak - avslag på søknad om frådelling av grunneigedom frå gbnr. 65/1
014/26	Ny handsaming - Klage på vedtak om løyve til dispensasjon frå kommunedelplanen for frådelling av ein parsell på gbnr. 165/6 på Hopland
015/26	Framlegg til høyring - Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030
016/26	Stryn kulturskule - friplassar for elevar
017/26	Ny handsaming av klage på vedtak om avslag på søknad dispensasjon frå kommunedelplan for frådelling av tilleggsareal frå gbnr. 137/4 til fritidseigedomen gbnr. 137/13

001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

FO- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/26: Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

FO- 002/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møtet vart godkjent.

003/26: Referatsaker

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

FO- 003/26 Vedtak:

Referatsaker vert teke til vitande.

004/26: Avvikling av vikarpool i pleie- og omsorgstenestene

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vikarpoolordningen i pleie- og omsorgstenestene i Stryn kommune blir avvikla med mål om verknad frå 01.07.2026. Dette blir finansiert innanfor vedtekne budsjetttrammer.

Utval for helse og sosial 12.02.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

UHS- 006/26 Vedtak:

Vikarpoolordingen i pleie- og omsorgstenestene i Stryn kommune blir avvikla med mål om verknad frå 01.07.2026. Dette blir finansiert innanfor vedtekne budsjетtrammer.

Formannskapet 24.02.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 004/26 Vedtak:

Vikarpoolordingen i pleie- og omsorgstenestene i Stryn kommune blir avvikla med mål om verknad frå 01.07.2026. Dette blir finansiert innanfor vedtekne budsjетtrammer.

005/26: Fastsetjing av maksimalt vederlag for opphald i institusjon 2026**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Jf. § 3 i forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester fastset Stryn følgjande tak for vederlag pr. månad for opphald i institusjon i 2026:

Sjukeheimsplass pr. år. pr. plass	Pr. mnd.	Pr. døgn
1 509 212,36	125 767,70	4 134,83

Utval for helse og sosial 12.02.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

UHS- 005/26 Vedtak:

Jf. § 3 i forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester fastset Stryn følgjande tak for vederlag pr. måned for opphald i institusjon i 2026:

Sjukeheims plass pr. år. pr. plass	Pr. mnd.	Pr. døgn
1 509 212,36	125 767,70	4 134,83

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 005/26 Vedtak:

Jf. § 3 i forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester fastset Stryn følgjande tak for vederlag pr. måned for opphald i institusjon i 2026:

Sjukeheims plass pr. år. pr. plass	Pr. mnd.	Pr. døgn
1 509 212,36	125 767,70	4 134,83

006/26: Kommunedelplan helse- og sosial 2026 - 2030, framlegg til høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet legg forslag til kommunedelplan for helse og sosial ut på offentleg høyring i tråd med plan- og bygningslova § 1114.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 006/26 Vedtak:

Formannskapet legg forslag til kommunedelplan for helse og sosial ut på offentleg høyring i tråd med plan- og bygningslova § 1114.

007/26: Godkjenning delavtaler mellom Helse Førde og Stryn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune godkjenner følgjande delavtaler mellom Helse Førde HF og Stryn kommune:

- Delavtale om tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus
- Endring av overordna samarbeidsavtale i Sogn og Fjordane helsefellesskap

Utval for helse og sosial 12.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

UHS- 004/26 Vedtak:

Stryn kommune godkjenner følgjande delavtaler mellom Helse Førde HF og Stryn kommune:

- Delavtale om tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus
- Endring av overordna samarbeidsavtale i Sogn og Fjordane helsefellesskap

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Framlegg frå Utval for helse og sosial samrøystes tilrådd.

FO- 007/26 Vedtak:

Stryn kommune godkjenner følgjande delavtaler mellom Helse Førde HF og Stryn kommune:

- Delavtale om tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus
- Endring av overordna samarbeidsavtale i Sogn og Fjordane helsefellesskap

008/26: Kommunedelplan for naturmangfald - vedtak om fastsetjing av planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald plan og bygningslova § 11 – 13 vert planprogrammet, inkludert grøn infrastruktur, fastsett slik det ligg føre.

Utval for samfunnsutvikling 12.02.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

USA- 005/26 Vedtak:

I medhald plan og bygningslova § 11 – 13 vert planprogrammet, inkludert grøn infrastruktur, fastsett slik det ligg føre.

Formannskapet 24.02.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 008/26 Vedtak:

I medhald plan og bygningslova § 11 – 13 vert planprogrammet, inkludert grøn infrastruktur, fastsett slik det ligg føre.

009/26: Klage på vedtak - oppheving av vedtak om dispensasjon frå omsynssone i plan for frådelling av hyttetomt frå gbnr. 60/1 på Bøasetra**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek klaga til Statsforvaltaren i Vestland til følge og gjer om vedtak gjort i sak FO005/25, datert 06.02.2025.

Søknad om dispensasjon frå omsynssone H560_03 i kommunedelplanen for Bøasetra-Ullsheim, vedteken 25.02.2013, vert avslagen. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. forvaltningslova § 33.

Administrativt vedtak:

- Administrativt vedtak i sak FO-005/25 vert oppheva, jf. forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c).

- Sakshandsamingsgebyret, fastsett i sak FO-005/25 skal tilbakebetalast til tiltakshavar.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 009/26 Vedtak:

Formannskapet tek klaga til Statsforvaltaren i Vestland til følgje og gjer om vedtak gjort i sak FO005/25, datert 06.02.2025.

Søknad om dispensasjon frå omsynssone H560_03 i kommunedelplanen for Bøasetra-Ullsheim, vedteken 25.02.2013, vert avslagen. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. forvaltningslova § 33.

Administrativt vedtak:

- Administrativt vedtak i sak FO-005/25 vert oppheva, jf. forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c).
- Sakshandsamingsgebyret, fastsett i sak FO-005/25 skal tilbakebetalast til tiltakshavar.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

010/26: Rapport over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 31. desember 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner rapporten over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 31.12.2025 slik den ligg føre.

Finansutvalet 24.02.2026:

Handsaming:

Finansutvalet bad om at det blir lagt fram ei vurdering av fordeling av låneporteføljen med bruk av fastrente og flytande rente og ulik fordeling av dette. Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FIU- 004/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner rapporten over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 31.12.2025 slik den ligg føre.

Formannskapet 24.02.2026:**Handsaming:**

Representanten Rune Myklebust hadde fått permisjon, det var 6 røsyteføre

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 010/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner rapporten over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 31.12.2025 slik den ligg føre.

011/26: Årshjul - politisk handsaming av budsjett og rekneskap i 2026**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Framlegget til politisk handsaming av saker vedr. økonomiområdet i 2026 vert vedteke som vist i tabellen ovanfor.

Finansutvalet 24.02.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FIU- 005/26 Vedtak:

Framlegget til politisk handsaming av saker vedr. økonomiområdet i 2026 vert vedteke som vist i tabellen ovanfor.

Formannskapet 24.02.2026:**Handsaming:**

Representanten Rune Myklebust hadde fått permisjon, det var 6 røsyteføre

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 011/26 Vedtak:

Framlegget til politisk handsaming av saker vedr. økonomiområdet i 2026 vert vedteke som vist i tabellen ovanfor.

012/26: Klage på vedtak - avslag på søknad om dispensasjon frå plan for oppføring av to utleigehytter - gbnr. 82/1 på Rake

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klaga til følgje og opprettheld administrativt vedtak av 31.10.2025 (vår ref. 25/1728-4).

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Utsetting (H), foreslått av Sonja Merethe Øvre-Flo, HøgreHøgreHøgre
Utsetje saka og gjennomføre synfaring på neste formannskapsmøte 5.3.26.

Det vart røysta over utsetjingsframlegg: Utsetje saka og gjennomføre synfaring på neste formannskapsmøte 5.3.26.
Samrøystes vedteke.

FO- 012/26 Vedtak:

Utsetje saka og gjennomføre synfaring på neste formannskapsmøte 5.3.26.

013/26: Klage på vedtak - avslag på søknad om frådeling av grunneigedom frå gbnr. 65/1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klaga til følgje og opprettheld administrativt vedtak av 21.01.2026 (vår ref. 25/2048-2).

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Utsetting (Ap, Sp, H), foreslått av Sonja Merethe Øvre-Flo, HøgreHøgreHøgre
Utsetje saka til administrasjonen har sjekka lovlegheit av frådeling i rasutsatt område.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jan Flore orienterte før handsaming av saka og viste til

"Ørstabrevet" som handlar om frådelling i rasutsette områder

Det vart røysta over framlegg frå representanten Sonja Øvre-Flo (H): *Utsetje saka til administrasjonen har sjekka lovlegheit av frådelling i rasutsatt område.*

Utsetjingsframlegg samrøystes vedteke

FO- 013/26 Vedtak:

Utsetje saka til administrasjonen har sjekka lovlegheit av frådelling i rasutsatt område.

014/26: Ny handsaming - Klage på vedtak om løyve til dispensasjon frå kommunedelplanen for frådelling av ein parsell på gbnr. 165/6 på Hopland

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vedtaket i sak FO-004/25, datert 06.02.25, blir oppheva.

I medhald av pbl §19-2, gjev formannskapet i Stryn kommune avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av bustadtomt frå gbnr. 165/6.

Som grunngjeving for avgjerda viser sektorutvalet til vurderinga i sak 24/2076-2 og administrasjonen si vurdering i sak FO-004/25.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen, foreslått av Per Atle Kjøllesdal, Senterpartiet

Formannskapet sender saka tilbake til administrasjonen for ny behandling.

Administrasjonen blir beden om å:

1. Gjennomføre vurdering etter jordlova, inkludert driftsmessig verdi, arrondering og framtidig bruksmoglegheit for arealet.

2. Revurdere dispensasjonsspørsmålet etter pbl. §19 2 på nytt, basert på:

o dei nye momenta som kjem fram i klaga og saksgrunnlaget.

o at behovet for spreidd bustadbygging i bygdene er endra etter at planen vart vedteken. Ref Kommuneplanen sin samfunnsdel Fagre Stryn 2.0.

o at arealet kan vere lite eigna for framtidig landbruksdrift,

o at tiltaket har marginale tekniske inngrep og eksisterande infrastrukturtilgang.

3. Gjere ei heilskapleg, fagleg anbefaling om dispensasjon/ikkje dispensasjon, og

4. Fremje ny sak til politisk handsaming når komplettert vurdering føreligg.

5. Formannskapet understrekar at dette vedtaket ikkje tek stilling til om dispensasjon skal gjevast eller ikkje, men at ei ny og meir heilskapleg vurdering er nødvendig for å sikre korrekt og forsvarleg behandling etter gjeldande lovverk og politiske mål.

Det vart røysta ved at framelgg frå kommunedirektøren vart sett opp mot framlegg frå ordføraren. Framlegg frå ordførar vart samrøystes vedteke.

FO- 014/26 Vedtak:

Formannskapet sender saka tilbake til administrasjonen for ny behandling.

Administrasjonen blir beden om å:

1. Gjennomføre vurdering etter jordlova, inkludert driftsmessig verdi, arrondering og framtidig bruksmoglegheit for arealet.

2. Revurdere dispensasjonsspørsmålet etter pbl. §19 2 på nytt, basert på:

o dei nye momenta som kjem fram i klag og saksgrunnlaget.

o at behovet for spreidd bustadbygging i bygdene er endra etter at planen vart vedteken. Ref Kommuneplanen sin samfunnsdel Fagre Stryn 2.0.

o at arealet kan vere lite eigna for framtidig landbruksdrift,

o at tiltaket har marginale tekniske inngrep og eksisterande infrastrukturtilgang.

3. Gjere ei heilskapleg, fagleg anbefaling om dispensasjon/ikkje dispensasjon, og

4. Fremje ny sak til politisk handsaming når komplettert vurdering føreligg.

5. Formannskapet understrekar at dette vedtaket ikkje tek stilling til om dispensasjon skal gjevast eller ikkje, men at ei ny og meir heilskapleg vurdering er nødvendig for å sikre korrekt og forsvarleg behandling etter gjeldande lovverk og politiske mål.

015/26: Framlegg til høyring - Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Inkluderingsutvalet 10.02.2026:

Handsaming:

uttale frå inkluderingsutvalet, foreslått av Torstein Tinnereim, VenstreVenstreVenstre

Inkluderingsutvalet støttar det som så langt ligg til grunn for høyring. Kultur og frivilligheit er kanskje den viktigaste inkluderingsarenaen. Istryn er viktig å få til å fungere for alle og blir gjort tilgjengeleg på fleire språk. Vi må også passe på at vi når både dei eldre og dei yngre. Dette kan vere gjennom App-tilgang, og gjennom skriftleg informasjon. Det er mykje midlar ein kan søkje på i inkluderingsfeltet. Inkluderingsutvalet oppmodar om at ein ser på dette, slik at det kan kome ekstra midlar inn og dermed mogleg å satse ekstra på å få inkludert flest mogleg. Kan ein nytte Fjordingen som plattform for kva som finst av ulike organisasjonar i Stryn kommune?.

Ingrid Heieren Sølberg orienterte om frivilligpolitikk som no skal ut på høyring.

Torstein Tvinneim kom med slikt tilleggsframlegg:

Inkluderingsutvalet støttar det som så langt ligg til grunn for høyring. Kultur og frivilligheit er kanskje den viktigaste inkluderingsarenaen. Istryn er viktig å få til å fungere for alle og blir gjort tilgjengeleg på fleire språk. Vi må også passe på at vi når både dei eldre og dei yngre. Dette kan vere gjennom App-tilgang, og gjennom skriftleg informasjon. Det er mykje midlar ein kan søkje på i inkluderingsfeltet. Inkluderingsutvalet oppmodar om at ein ser på dette, slik at det kan kome ekstra midlar inn og dermed mogleg å satse ekstra på å få inkludert flest mogleg. Kan ein nytte Fjordingen som plattform for kva som finst av ulike organisasjonar i Stryn kommune?

Kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg frå Torstein Tvinneim vart samrøystes tilrådd.

IU- 004/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Inkluderingsutvalet støttar det som så langt ligg til grunn for høyring. Kultur og frivilligheit er kanskje den viktigaste inkluderingsarenaen. Istryn er viktig å få til å fungere for alle og blir gjort tilgjengeleg på fleire språk. Vi må også passe på at vi når både dei eldre og dei yngre. Dette kan vere gjennom App-tilgang, og gjennom skriftleg informasjon. Det er mykje midlar ein kan søkje på i inkluderingsfeltet. Inkluderingsutvalet oppmodar om at ein ser på dette, slik at det kan kome ekstra midlar inn og dermed mogleg å satse ekstra på å få inkludert flest mogleg. Kan ein nytte Fjordingen som plattform for kva som finst av ulike organisasjonar i Stryn kommune?

Utval for samfunnsutvikling 12.02.2026:

Handsaming:

Ingrid Heieren Sølberg deltok under saka for å orientere og svare på spørsmål.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 007/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Utval for helse og sosial 12.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

UHS- 007/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Utval for oppvekst 12.02.2026:

Handsaming:

Det blei orientert om framlegg til frivilligpolitikk for perioden 2026–2030. Planen skal styrke og vidareutvikle frivillig sektor i tråd med samfunnsplanen Fagre Stryn 2.0. Framlegget byggjer på innspel frå lag og organisasjonar og skal leggjast ut til offentleg høyring i seks veker.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UOP- 005/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Representanten Rune Myklebust hadde fått permisjon, det var 6 røsyteføre

Framlegg frå Utval for helse og sosial, Utval for oppvekst og Utval for samfunnsutvikling samrøystes tilrådd

FO- 015/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

016/26: Stryn kulturskule - friplassar for elevar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Inkluderingsutvalet 10.02.2026:

Handsaming:

Innspel frå utvalet, foreslått av Torstein Tvinnereim, VenstreVenstreVenstre

Inkluderingsutvalet ser det som særst positivt at ein prøver ut ordninga og vonar ordninga kan halde fram også etter prøveperioden.

Coopordninga gjeld no kun for idrett. Det betyr no at Kulturskulen ikkje har noko ordning med friplass.

Torstein Tvinnereim kom med slikt tilleggsframlegg:

Inkluderingsutvalet ser det som særst positivt at ein prøver ut ordninga og vonar ordninga kan halde fram også etter prøveperioden.

IU- 005/26 Vedtak:

Inkluderingsutvalet kjem med slik uttale i saka:

Inkluderingsutvalet ser det som særst positivt at ein prøver ut ordninga og vonar ordninga kan halde fram også etter prøveperioden.

Utval for samfunnsutvikling 12.02.2026:

Handsaming:

Friplasser i Stryn Kulturskule, foreslått av Vegard Sindre Bjørlykke,
FramstegspartietFramstegspartietFramstegspartiet

Med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon vil det ikkje gått vidare med arbeidet ang friplasser i Stryn Kulturskule.

Nytt forslag

Ingrid Heieren Sølvberg deltok under saka for å orientere og svare på spørsmål.

Vegard Bjørlykke (Frp) kom med følgjande framlegg:

Med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon vert det ikkje gått vidare med arbeidet ang friplasser i Stryn Kulturskule.

Framlegget frå Bjørlykke fekk 1 røyst og fall.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart tilrådd med 6 røyster.

USA- 008/26 Vedtak:

Stryn kulturskule ønskjer å sjå vidare på ei ordning for å kunne tilby friplassar for elevar. Ein ser føre seg start frå hausten 2026 med 10 friplassar, med evaluering etter eit halvt år. For at dette skal vere ei varig ordning vil kulturskulen fremme eit tiltak budsjett for 2027 med kostnad for 10 plassar.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Representanten Rune Myklebust hadde fått permisjon, det var 6 røsyteføre
Framlegg frå Utval for samfunnsutvikling samrøystes tilrådd.

FO- 016/26 Vedtak:

Stryn kulturskule ønskjer å sjå vidare på ei ordning for å kunne tilby friplassar for elevar. Ein ser føre seg start frå hausten 2026 med 10 friplassar, med evaluering etter eit halvt år. For at dette skal vere

ei varig ordning vil kulturskulen fremme eit tiltak budsjett for 2027 med kostnad for 10 plassar.

017/26: Ny handsaming av klage på vedtak om avslag på søknad dispensasjon frå kommunedelplan for frådeling av tilleggsareal frå gbnr. 137/4 til fritidseigedomen gbnr. 137/13

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klage til følgje og opprettheld administrativt vedtak den 28.03.25, sak 23/2008-12.

Som grunngjeving for avgjerda viser formannskapet til vurderinga i denne saka, til sak 23/2208-12 og til sak FO-069-25.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. forvaltningslova § 33.

Etter forvaltningslova kap. VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til statsforvaltaren. Klage, som bør grunngjevast, skal sendast om Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtaket er motteke

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 017/26 Vedtak:

Formannskapet tek ikkje klage til følgje og opprettheld administrativt vedtak den 28.03.25, sak 23/2008-12.

Som grunngjeving for avgjerda viser formannskapet til vurderinga i denne saka, til sak 23/2208-12 og til sak FO-069-25.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. forvaltningslova § 33.

Etter forvaltningslova kap. VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til statsforvaltaren. Klage, som bør grunngjevast, skal sendast om Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtaket er motteke